

Båt på rek i land på Børnes

17.11.2008



Båten som laurdag morgon vart meldt drivande halvt nedsøkt i sjøen ved oppdrettsanlegget til Sjøtroll utanfor Skorpo er no heist i land på Børnes.

Ein uskedeling som jobbar på oppdrettsanlegget har frakta han inn. Båten har fått ein hard medfart og har tydelegvis vore i tøff ontakt med land. Slik han rek rundt var han ein fåre for fjordtrafikken.

Politiet har fått melding om båten og er interessert i kontakt med eigaren. Det er ein 15 fots Viking.

Biletet over vart teke då båten var heist på land på Børnes-kaia.

(Foto: Jan Henrik Hansen)